

## VILKÅR OG RETTLEIING TIL SØKNAD OM PARKERINGSLØYVE (HC-KORT)

### For å søke om parkeringsløyve (HC-kort) må du:

- Ha legeerklæring som dokumenterer at du ikkje kan gå eller har store vanskar med å bevege deg over lengre avstandar.
- Kunne dokumentere eit særleg behov for parkeringsløyve ved bustad, arbeid eller i samband med regelmessig, medisinsk behandling.

### Om bruk av parkeringskortet

Ved parkering skal kortet ligge godt synleg bak frontruta for kontroll.

Parkeringskortet er personleg og kan ikkje brukast av andre enn den som eig kortet. Parkeringsløyvet gjeld deg som person, ikkje bilen, og eigar av kortet må alltid vere med i bilen.

### Misbruk vil medføre inndraging av kortet og vil bli vurdert meldt til politiet.

Parkeringskortet skal innleverast når du ikkje lenger disponerer bil, eller når dei forholda som var grunnlaget for tildelinga ikkje lenger er til stades. Kortet må også innleverast når det ikkje lenger er gyldig. Ved fornying vil ikkje nytt kort bli sendt ut før det gamle er innlevert. Kommunen kan trekke tilbake parkeringsløyvet ved misbruk eller endra forhold som gjer at vilkåra for parkeringsløyvet ikkje lenger er oppfylt.

Tapt eller stole kort må meldast til politiet. Kopi av tapsmelding og nytt bilde må leverast til Haram kommune, Koordinering og tildeling.

### Parkeringskortet kan brukast:

- I heile Noreg (EØS-modell).
- I utlandet i den utstrekning det enkelte land fastset.
- På offentlege ordinære reserverte parkeringsplassar for forflytningshemma.
- På offentlege avgiftsbelagte plassar, utan å betale avgift og utover fastsett lengste parkeringstid.
- Utover fastsett lengste parkeringstid på stader som er regulert med tidsavgrensa parkering, med unntak av der det er regulert med avgrensa parkeringstid for forflytningshemma.
- På stader der det er innført offentleg skilta bustadsoneparkering.
- Fritak i enkelte bomringar i Noreg.

Forskrifta legg opp til ei skjønnsvurdering med hensyn til det ein kan sjå på som «særleg behov» for parkeringslette. Skjønnsvurderinga ligg innanfor dei rammene forskrifta set. Vidare blir også forskrifta sine retningslinjer og forvaltningspraksis lagt til grunn for vurderinga vår.

### Forflytningshemma passasjer?

Det skal mykje til før det blir gitt parkeringsløyve til ein passasjer, sjølv om vilkåra i forskrifta framstår som like for førar og passasjer. Passasjeren sine behov kan ivaretakast gjennom av- og påstigning, og at førar så parkerer bilen på ordinær plass. Der det er nødvendig, kan passasjeren følgast heilt inn til t.d. venterom før sjåføren går ut og flyttar bilen.

Å nytte overnemnde tilgang til av- og påstigning kan verke tungvint for familie og faste omsorgspersonar til forflytningshemma. Det kan verke som ei ekstra belastning i dei tilfella ein må flytte bilen når det finst ein ledig plass for forflytningshemma. Likevel vil forflytningshemma førarar ofte vere i ein vanskelegare situasjon, og vil kanskje ikkje få utført gjeremåla sine dersom spesialplassane er opptatt av køyretøy med funksjonsfriske førarar.

Løyve til søkarar som er passasjerar blir gitt i dei tilfella der vedkomande vanskeleg kan forlatast utan tilsyn, sjølv for kortare tid (t.d. sterkt psykisk utviklingshemma, barn i ein viss alder og andre som ikkje kan ta vare på seg sjølv).

## Ein søknad skal innehalde:

- Ferdig utfylt skjema
- Legeerklæring
- Kopi av gyldig førarkort (begge sider)
- Kopi av ID-kort om du søker som passasjer.
- Bilde i passfotostørrelse (ikkje papirutskrift)

Dette gjeld både for deg som søker for første gong, og for deg som søker på nytt.

### **NB:**

**Alle papir/vedlegg må sendast inn samtidig for at søknaden skal bli vurdert. Ufullstendig søknad vil forlenge saksbehandlingsprosessen.**

### **Legeerklæring:**

Legeerklæringa skal vere utfylt med opplysningar om den medisinske situasjonen din, diagnose, samt kor mange meter du er i stand til å gå med og utan hjelpemiddel. Det må kome fram om du bruker krykker, stokk, rullator eller rullestol. Legeerklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga av søknaden din.

### **Søknad:**

Det er i sjølve søknaden du må få fram opplysningar som tilseier at du har eit særleg behov for parkeringslette. Det vil seie at du må beskrive kvifor du ikkje kan nytte det ordinære parkeringstilbodet på stadene som du besøker ofte. I søknadsskjemaet er det tatt med ulike forhold som vi ønsker svar på. Vi anbefaler at du fyller ut skjemaet nøye, slik at vi får eit godt bilde av behovet ditt, samt at vi ikkje brukar unødvendig tid på å behandle søknaden.

Tenk godt gjennom:

- Kvar har du problem med å parkere, og kor ofte er du der (stadnamn/gateadresse)?  
Ver spesifikk, vi ser på alle stadene det blir opplyst om parkeringsproblematikk.
- Kvifor er det vanskeleg å parkere der?
- Kva slags parkeringsplassar finst der?
- Kva er det som gjer at du ikkje kan nytte dei ordinære parkeringsplassane?
- Kvifor vil eit parkeringsløyve konkret hjelpe deg på desse bestemte stadene?
- Er du ofte til behandling, opptrening, eller hos lege, ber vi deg om å legge ved dokumentasjon på dette.

## Søknad om parkeringsløyve for forflytningshemma (HC-kort)

Samferdselsdepartementet har fastsett særskilte bestemmingar om parkering for forflytningshemma, sjå forskrift av 18. mars 2016 nr 264

Om søkaren			
Namn:		Fødselsnummer:	Kjønn:
			<input type="checkbox"/> Mann <input type="checkbox"/> Kvinne
Adresse:		Tlf. privat:	Mobil:
Postnummer:	Poststad:	E- postadresse:	
Søknaden gjeld			
<input type="checkbox"/> Som førar av motorvogn (kopi av førarkort må leggest ved) Førarar over 75 år må også legge ved gyldig legeattest for førarkortinnehavet.		<input type="checkbox"/> Som passasjer	
Har du søkt om parkeringsløyve tidlegare: <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Om ja, oppgi start- og utløpsdato:	
Har du fått innvilga TT-teneste: Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>		Har køyretøyet ditt rullestolheis eller skinner?	
Stader og/eller situasjonar der du har særleg behov for parkeringslette (jf. Forskrift §2)			
Kvifor har du særleg behov for parkeringsløyve? (Ikkje beskriv medisinske årsaker, dette vil gå fram av legeerklæringa. Beskriv evne til å gå, årsvariasjon, vanskelege parkeringsforhold, vanskeleg terreng osv. Bruk gjerne eige ark ved behov.)			
Konkrete stader der du opplever vanskar med å parkere på ordinære parkeringsplassar			
Bustad/arbeid:	Adresse:	Kor ofte?	
Lege/sjukehus:	Adresse:	Kor ofte?	
Fysioterapeut:	Adresse:	Kor ofte?	
Nødvendige ærend/møte:	Adresse:	Kor ofte?	
Annan aktivitet:	Adresse:	Kor ofte?	
Etter Forskrift om parkering for forflytningshemmede frå 01.01.2017 § 3 3. avsnitt 2. linje: "Kommunen kan innhente supplerende medisinsk vurdering".			
Søkaren si underskrift			
Stad/dato:	Underskrift:		

NB: Søknaden vil bli returnert dersom det manglar nødvendige opplysningar. Legg ved bilde, kopi av førarkort (begge sider) og legeerklæring (eige skjema) Skjema sendast: Haram kommune, Koordinering og tildeling, Postboks 33, 6282 Brattvåg

## Legeerklæring - vedlegg til søknad om parkeringsløyve for forflytningshemma

Samferdselsdepartementet har fastsett særskilde bestemningar om parkering for forflytningshemma, sjå forskrift av 18. mars 2016 nr 264

Opplysningar om pasienten	
Namn:	Fødselsnummer:
Adresse:	Postnr. og stad:
Dersom pasienten er førar av bil, må lege ha vurdert om pasienten bør ha førarkort (Jf. Helsedirektoratets forskrift 13. juli 1984) Er dette vurdert? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	
Det er pasienten si manglande evne til å ta seg fram og tilbake til parkeringsplass som er det medisinske grunnlaget for pasienten sin rett til parkeringløyve. Problemet med å bere er ikkje ei årsak som i seg sjølv er grunnlag for parkeringsløyve. Legeerklæringa er ikkje det einaste grunnlaget for vurdering av om pasienten bør få utstedt parkeringsløyve. Pasienten må sjølv, i eigen søknad, også gjere greie for forhold som medfører særleg behov for parkeringsløyve.	
Bakgrunn for forflytningshemming	
Årsak til forflytningshemming (ver venleg å forklare faguttrykk på norsk):	
Prognose når det gjeld årsak til forflytningshemming:	
Kva er det som gjer at pasienten ikkje kan nytte ordinære parkeringsplassar?	
Brukar pasienten nokre av følgande hjelpemiddel: Rullestol <input type="checkbox"/> Krykker <input type="checkbox"/> Stokk <input type="checkbox"/> Rullator <input type="checkbox"/>	
Pasienten sin gangdistanse <b>utan</b> hjelpemiddel (på ein vanleg dag) Antal meter:	Pasienten sin gangdistanse <b>med</b> hjelpemiddel (på ein vanleg dag) Antal meter:
Kor ofte nyttar pasienten hjelpemiddel? Alltid <input type="checkbox"/> Nokre gongar <input type="checkbox"/> Sjeldan <input type="checkbox"/>	
Har opplysningar om gangdistanse kome frå pasienten sjølv? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	
Kan pasienten ta pausar/kvile og så gjenoppta gangdistansen? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	
Vil fysisk aktivitet kunne forverre pasienten sin helsetilstand? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	
Må fyllast ut når pasienten ikkje er sjåfør	
Treng pasienten følge/støtte? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	Treng pasienten tilsyn? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
Oppgi eventuelle forhold som kan ha betydning for søknaden (t.d. om forskjellar i gangdistanse til ulike årstider, om pasienten har store variasjonar på «gode» og «vonde» dagar, om pasienten er ofte til behandling osv.).	
Opplysningar om behandling	
Behandling/innlegging ved sjukehus eller behandlingsstad der det er vanskeleg å parkere bør opplysast om i eit eige vedlegg (lengde på opphald, hyppigheit og eventuelle etterverknader av behandling som kan ha betydning for behandling av søknaden).	
Legen si underskrift med stempel	
Stad/dato:	Underskrift: